

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-033, TI-&01	19/150

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2019	Kommunestyret	PS	25.03.2019

### Endring av NGIR sin selskapsavtale frå 1.1.2020

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale som kommunane må godkjenne	05.03.2019
Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til revidert selskapsavtale NGIR - Gjeldande frå 010120	05.03.2019
Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Gjeldande selskapsavtale NGIR - Revidert 2018	05.03.2019

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til og godkjenner framlegg til ny selskapsavtale for NGIR frå 1.1.2020

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vert slått saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at einskilde formuleringar i NGIR sin selskapsavtale må endrast. Det er og ynskjeleg å gjera nokre endringar i selskapsavtalen som følgje av endra lovverk og/eller endra praksis.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafar som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som krev godkjenning i alle eigarkommunane. Dette er og regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale. For heile lovteksta, sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>.

NGIR sitt representantskap gjorde 29.10.18 vedtak i sak 17/18 om ein del endringar i selskapsavtalen, innanfor sitt mandat. Representantskapet vedtok i tillegg å råda alle eigarkommunane til å gjera vedtak om dei endringane som går fram av vedlagte endringsdokument.

## Høyring

Frå representantskapet sitt vedtak 29.10.18:

*”Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.”*

**NGIR ber i skriv av 4.3.2019 om at alle eigarkommunane førebur sak til handsaming i kommunestyra i tråd med oppmodinga frå representantskapet. NGIR ber om å få tilbakemelding på når saka venteleg vil verta handsama i kommunestyra, og i neste omgang å få tilsendt vedtaka som vert gjort.**

## Uttale

Fs sk 20/19      Referatsaker:

Skriv 1: Protokoll frå representantskapsmøte i NGIR 29.10.2018

Rådmannen frå fullmakt til å gje tilbakemelding om framlegg til selskapsendringa i NGIR i samband med kommunereformprosessen.

NGIR sin selskapsavtale er heimla i Lov om interkommunale selskap (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6?q=lov%20om%20interkommunale%20selskap>), og § 4 i lova krev at det er kommunestyret sjølv som gjer dei vedtak som det ligg til kommunen (som eigar) å gjera:

### § 4. Selskapsavtale

For interkommunalt selskap skal det opprettes en skriftlig selskapsavtale. **For de enkelte deltakere skal kommunestyret eller fylkestinget selv vedta avtalen.** For deltaker som er interkommunalt selskap, vedtas selskapsavtalen av representantskapet. Vedtaket krever tilslutning fra samtlige medlemmer av representantskapet med mindre annet er fastsatt i selskapsavtalen for det deltakende selskap. **Endringer i selskapsavtalen som gjelder forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på samme måte.**

## Fakta

Viser til sakstilfang, 3 i alt, første med forslag til ny selskapsavtale med sporing av endringane, forslag til ny selskapsavtale frå 1.1.2020, og noverande/gjeldande selskapsavtale som siste vedlegg

## Vurdering

Endringane i selskapsavtalen er av formell karakter, og inneber ingen stor praktisk endring, og tilrår at endringane vert gjort/vedtatt i samsvar med forslag til endringar

**Konklusjon**

Masfjorden kommune sluttar seg til og godkjenner framlegg til ny selskapsavtale for NGIR frå 1.1.2020, jf. saksvedlegg 2

**Kommunestyret - 013/2019****KS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Masfjorden kommune sluttar seg til og godkjenner framlegg til ny selskapsavtale for NGIR frå 1.1.2020